



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 28.11.2012  
**Møtetid:** 16:00 - 17:30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

|                                     |                        |
|-------------------------------------|------------------------|
| <b>Desse medlemene møtte ikkje:</b> | <b>I staden møtte:</b> |
| Roy Vegard Hope                     | Eva Hellevang          |

### Andre som var til stades på møtet:

Rådmann og ass. rådmann

### Merknader:

Ordfører i Vaksdal, Eirik Haga var invitert til å dela sine tankar om interkommunalt samarbeid. I etterkant av innlegget hans var det ein diskusjon om korleis formannskapet såg på dette tema og korleis Samnanger kan arbeida vidare med denne problemstillinga.

|                                    |  |
|------------------------------------|--|
| <b>Referat, skriv og meldingar</b> | Status for arbeidet med reguleringsplan for Tenane |
|------------------------------------|--|

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 05.12.2012

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet |          |   |         |
|-------------------------------|----------|---|---------|
| Sak nr.                       | Arkivsak | Sakstittel  | Merknad |
| 069/12                        | 12/689   | Faste saker   |         |
| 070/12                        | 12/659   | Høyring - Planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland |         |
| 071/12                        | 12/481   | Lønsfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2012                  |         |
| 072/12                        | 12/431   | Oreigning for gjennomføring av reguleringsplan for Ytre-Tysse             |         |

**SAKNR. 069/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**28.11.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FORM-069/12 VEDTAK:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 070/12**

**HØYRING - PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune har følgjande merknadar til planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

2.1 Føremål: Det bør klarare presiserast kva type senter planen skal omhandla. Det vert nemnt "regionsentera", "dei ulike sentera", "tettstader" og "byar", utan at det går fram korleis desse plasserer seg i høve til kvarandre. Første kulepunkt bør difor spissast meir mot ei tydeleggjering av dei ulike type senter planen får verknad for.

4. Plantema og utgreiingar → 4.2 Attraktive sentrum og møteplassar: *"Planen skal danne grunnlag for ei positiv sentrumsutvikling med trivelege møteplassar, mangfaldige tenester og tilbod, gode transportløysingar, estetiske kvalitetar, bustader, grøntområde og universell utforming."* Samnanger meiner at det kunne vore ein idé å vinkla punktet inn mot eit (lokal)miljø- og klimaperspektiv med til dømes energieffektiv bygningsmasse. Dei nemnte funksjonane i 4.2 passar godt inn i eit slikt perspektiv. Perspektivet grensar også opp mot 4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon, men vert ikkje dekt av dette punktet.

4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon er etter vårt syn eit viktig punkt, og me vil framheva kollektivtransport inn mot sentra som spesielt viktig i denne samanhengen. Dette må og omhandla innfartsparkering knytt til slik kollektivtransport.

Det skisserte planarbeidet er ambisiøst, og me håpar det resulterer i ein plan som legg til rette for livskraftige og attraktive små og store senter i heile Hordaland.

## **28.11.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FORM-070/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune har følgjande merknadar til planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

2.1 Føremål: Det bør klarare presiserast kva type senter planen skal omhandla. Det vert nemnt "regionsentera", "dei ulike sentera", "tettstader" og "byar", utan at det går fram korleis desse plasserer seg i høve til kvarandre. Første kulepunkt bør difor spissast meir mot ei tydeleggjering av dei ulike type senter planen får verknad for.

4. Plantema og utgreiingar → 4.2 Attraktive sentrum og møteplassar: *"Planen skal danne grunnlag for ei positiv sentrumsutvikling med trivelege møteplassar, mangfaldige tenester og tilbod, gode transportløysingar, estetiske kvalitetar, bustader, grøntområde og universell utforming."*

Samnanger meiner at det kunne vore ein idé å vinkla punktet inn mot eit (lokal)miljø- og klimaperspektiv med til dømes energieffektiv bygningsmasse. Dei nemnte funksjonane i 4.2 passar godt inn i eit slikt perspektiv. Perspektivet grensar også opp mot 4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon, men vert ikkje dekt av dette punktet.

4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon er etter vårt syn eit viktig punkt, og me vil framheva kollektivtransport inn mot sentra som spesielt viktig i denne samanhengen. Dette må og omhandla innfartsparkering knytt til slik kollektivtransport.

Det skisserte planarbeidet er ambisiøst, og me håpar det resulterer i ein plan som legg til rette for livskraftige og attraktive små og store senter i heile Hordaland.

## **SAKNR. 071/12**

### **LØNSFASTSETJING FOR RÅDMANN OG ASSISTERANDE RÅDMANN 2012**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## **28.11.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal (Ap) og Marit A. Aase (Krf)** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med verknad frå 1. mai 2012 vert løna til rådmann Tone Ramsli sett til kr. 700.000, ein auke på kr. 35.000.

Tilsvarande vert løna til assisterande rådmann Hilde-Lill Våge frå 1. mai 2012 sett til kr. 675.000.

**Øyvind Røen (Sp)** sette fram slikt framlegg:

Løna til rådmann ver sett til kr. 690.000 i 2013. Løna til assisterande rådmann vert kr.665.000.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 6 røysta for framlegget til Gåsdal og Aase og 1 for framlegget frå Røen.

**FORM-071/12 VEDTAK:**

Med verknad frå 1. mai 2012 vert løna til rådmann Tone Ramsli sett til kr. 700.000, ein auke på kr. 35.000.

Tilsvarande vert løna til assisterande rådmann Hilde-Lill Våge frå 1. mai 2012 sett til kr. 675.000.

**SAKNR. 072/12**

**OREIGNING FOR GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN FOR YTRE-TYSSE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 16-2 å oreigna rett til å gjennomføra reguleringsplanen for Ytre Tysse ved å fjerna lagerskur oppført i vegtraséen til område S21.
2. Samnanger kommunestyre vedtek å søkja fylkesmannen i Hordaland om samtykkje til å ta grunnen i bruk og gjennomføra oreigningsinngrepet før skjønn er halde.
3. Rådmannen får fullmakt til å krevja skjønn i saka ved kommunen sin advokat.

**28.11.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Etter drøftingar i møtet vedtok formannskapet samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FORM-072/12 VEDTAK:**

1. Samnanger kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 16-2 å oreigna rett til å gjennomføra reguleringsplanen for Ytre Tysse ved å fjerna lagerskur oppført i vegtraséen til område S21.
2. Samnanger kommunestyre vedtek å søkja fylkesmannen i Hordaland om samtykkje til å ta grunnen i bruk og gjennomføra oreigningsinngrepet før skjønn er halde.
3. Rådmannen får fullmakt til å krevja skjønn i saka ved kommunen sin advokat.

